



Rondane-Dovre
nasjonalparkstyre

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Villreinsenter Nord
Hjerkinnhusvegen 33
2661 Hjerkinn

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 911 61 458
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/rondane-dovre>

Nord-Fron kommune
Nedregate 50
2640 VINSTRA

Saksbehandler Trond Stensby

Vår ref. 2021/8021-2 432.3

Dykker ref.

Dato 23.07.2021

Deleget sak - Rondane NP - dispensasjon - bruk av laus hund ved skadefellingsforsøk på jerv i delar av Nord-Fron, Sør-Fron og Stor-Elvdal kommunar

Vedtak

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Nord-Fron kommune / Kommunale fellingslag i Nord-Fron; Sør-Fron og Stor-Elvdal dispensasjon fra verneforskrifta for Rondane nasjonalpark, verneforskrift, § 3, pkt. 5.5. for bruk av laushund i samband med fellingsforsøk på jerv i delar av Nord-Fron; Sør-Fron og Stor-Elvdal kommunar.

Vilkår:

- Dispensasjon gjelder bare i perioden for fellingsløyvet gjeve av Statsforvaltaren i Innlandet, 22.07.21, og for ei evt. forlenging av dette.
- Det skal bare brukast hundeekvipasjar som er spesialtrente for bruk i samband med fellingsforsøk på store rovdyr.
- Laushund skal brukast sammen med et fellingslag i felt.
- Nord-Fron kommune / Kommunale fellingslag i Nord-Fron; Sør-Fron og Stor-Elvdal er sjølv ansvarleg for å avklare forholdet til reglar i hundelova og lokal forskrifter og til grunneigarar/rettigheitshavarar og til eigarar av beitedyr i området.

Vedtaket kan bli påklaga av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre uker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage blir stila til Miljødirektoratet, men skal sendast til Rondane-Dovre nasjonalparkstyre.

Dokument i saka

Søknad frå Nord-Fron kommune, datert 23.07.21.
Brev frå Statsforvaltaren i Innlandet, datert 22.07.21.

Nasjonalpark

Dovre, Rondane

Naturreservat

Flakktjørna, Grimsdalsmyrene, Hemmeldalen, Hovdsjømyrene, Kattuglehøi, Mesætermyre, Myldingi, Veslehjerkintjønnin

Landskapsvernområde

Dørålen, Frydalen, Grimsdalen, Vesle Hjerkinn



Saksopplysningar

Nord-Fron kommune har sendt e-post datert 23.07.21 med slik søknad:
«Syner til vedlagte skadefellingsløyve på ein jerv.

Nord-Fron kommune søker med dette om dispensasjon frå bandtvangbestemmelsen i Rondane NP for å kunne bruke laus hund i skadefellingsforsøket.

Område og tidsperiode det gjeld, går fram av vedlagte brev med skadefellingsløyve frå SF Innlandet.

Til informasjon så vart det i går dokumentert eit nytt lam teke av jerv ved Storflågåan.»


Statsforvalteren i Innlandet skriver i brev datert 22.07.21, bl.a. dette:

«:...

Ut fra en samlet vurdering med vektlegging av potensialet for framtidige skader dersom jerven fortsatt oppholder seg i området gir Statsforvalteren tillatelse til skadefelling på en – 1 – jerv innenfor et nærmere avgrenset område og tidsrom som framgår av vilkårene for tillatelsen. Nord-Fron kommune får ansvaret for å lede gjennomføringen av fellingsforsøket. Følgende vilkår er knyttet til fellingstillatelsen:

1. *Fellingstillatelsen gjelder felling av en – 1 - jerv i tidsrommet 21.7.2021 kl. 14:30 til 28.7.2021 kl. 12:00.*
 2. *Fellingsområdet er avgrenset til å gjelde de deler av Nord-Fron, Sør-Fron og Stor Elvdal kommuner som er jerveprioritert område, avgrenset av FV. 27 Rondevegen i øst.*
- ...»

I Forvaltningsplan for rovvilt i region 3 – Oppland og Forvaltningsplan for rovvilt i Hedmark (2014) er det vist ulike forvaltningssoner. Utsnitt av desse er vist i figur 1 i saka.



Figur 1. Utsnitt fra forvaltningsplaner for rovvolt i Oppland og Hedmark.

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 9. mars 2011 delegert forvaltningsmyndigheten for verneområdene til Rondane-Dovre nasjonalparkstyre i medhold av naturmangfoldloven § 62, jf. § 77.

I medhold av vedtak i Rondane-Dovre nasjonalparkstyre den 25. september 2015 er myndighet til å treffen vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser, samt kurante saker etter naturmangfoldlovens § 48, delegert til nasjonalparkforvalter/sekretariat. Dette inkluderer eksempelvis saker som omhandler motorferdsel både på snødekt mark og barmark, organisert ferdsel, og ferdsel med hest, sykkel eller hundespann.

Verneformål – forskrift

Rondane nasjonalpark

§ 2 Formål

Formålet med opprettelsen av Rondane nasjonalpark er å:

- ta vare på et stort, sammenhengende og i det vesentlige urørt fjellområde,
- ta vare på et høyfjellsøkosystem med et egenartet og variert biologisk mangfold,
- ta vare på sentrale leveområder til villreinstammen i Rondane,



- sikre variasjonsbredden i naturtyper som Rondaneområdet omfatter, herunder innslag av høyeliggende bjørke- og barskog,
- bevare landskapsformer og særpregede geologiske forekomster,
- ta vare på verdifulle kulturminner.

Allmennheten skal fortsatt ha anledning til naturopplevelse gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernebestemmelser

Pkt. 5.5. Hunder må ikke slippes løs i tiden 1. mars – 20. august.

Frydalen landskapsvernombord

§ 2 Formål

Formålet med opprettelsen av Frydalen landskapsvernombord er å:

- ta vare på et særpreget og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterlandskap med seterbebyggelse og setervoller, vegetasjon og kulturminner utgjør en vesentlig del av landskapets egenart,
- ta vare på leveområder for villreinstammen i Rondane og et rikt dyre- og planteliv,
- ta vare på landskapsformene.

Allmennheten skal fortsatt ha anledning til naturopplevelse gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernebestemmelser

4. Ferdsel

All ferdsel skal skje hensynsfullt og varsomt slik at det ikke skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikke forstyrres.

Forvaltningsplan

s. 75

«Etter Hundelovens sikringsbestemmelser (§6) er det ikke lov å slippe hund løs i perioden 1. april -20. august, som også gjelder for alle verneområdene. I tillegg kan hver kommune ha egne forskrifter om båndtvang som gjelder etter den 20. august av hensyn til bufe på utmarksbeite. Per høsten 2009 gjelder dette for Dovre, Sør-Fron, Nord-Fron, Ringebu, Folldal og Sel kommuner.

Av hensynet til villrein er sikringsbestemmelsen innskjerpet i verneforskriftene for Rondane og Dovre nasjonalparker og for Grimsdalen og Dørålen

landskapsvernombord. Her skal hunder ikke slippes løs i perioden fra 1. mars til 20. august. Unntak fra denne bestemmelsen er de samme som for Hundelovens bestemmelser § 9 b (bufehund til vokting av sau, geit og kyr), c (aktiv politi- og redningstjeneste) og d (hund i ettersøk etter skadet/sykt vilt).”

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 stiller svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan bli vurdert, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Både vilkåra må vera oppfylt. Unnatak kan også bli vurdert «dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Dispensasjon må heller ikke gjevest om vilkåra er oppfylt. Skjøn og instruksar fra overordna myndigheter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje bli brukt



for å utvide ramene gjevei vernevedtaket, men skal vera ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføreutsette eller spesielle tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet

Saka må i tillegg til vurdering etter verneforskrift og forvaltningsplan også bli vurdert etter naturmangfoldlovas miljørettslige prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadar ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar), jamfør § 7.

Vurdering

Båndtvang er regulert etter tre regelverk:

- Hundeloven
- Kommunal forskrift
- Verneforskriftene.

Gjeldande søknad må bli behandla etter dispensasjonsføresegna i naturmangfoldova § 48. Forvaltningspraksis er at søknader skal bli behandla etter det strengaste regelverket først.

Det blir vidare vist til at Rondane-Dovre nasjonalparkstyre i møte 25.06.21 slutta seg til at det vart skrive ei delegert sak der det vart gjeve dispensasjon for ein tilsvarande søknad i Dovre kommune. I vurderinga vart det lagt vekt på gode erfaringar med bruk av hund ved fellingsforsøk bl.a. i Nord-Østerdalen. Det vart vist til at dette er hundar som er spesialtrente, og som har eit sterkt utvikla fokus for søk på store rovdyr. Hundane har peileutstyr, og blir brukt saman med eit fellingslag i felt. Erfaringane er at dette ikkje har medført vesentlege skadar på beitedyr eller anna vilt.

Kunnskapsgrunnlaget om verneverdiene i dette området er godt. Når det gjeld villrein ligg føre:

- NINA Rapport 1013, Sluttrapport fra GPS-merkeprosjektet 2009-2014
- NINA Rapport 339 fra 2008 som oppsummerer kunnskapsstatus og leveområde, samt tilhørende kart utarbeidet i forbindelse med arbeid med regional plan for villreinen i Rondane og Sølnkletten.
- NINA Rapport 551 utredet konflikten mellom villrein og menneskelig ferdsel i området (§ naturmangfoldoven § 8).

Med dei erfaringar som er opplyst å vera frå bruk av laushund ved fellingsforsøk i andre område, vurderer vi at dette ikkje vil påverke villreinens arealbruk eller vera i strid med verneføremålet. Dette heng også saman med at eit fellingslag uansett vil vera i området, og at villreinen då vil trekke unna området. (naturmangfoldloven §§ 9 og 10, jf. også § 12.)

Vi legg til grunn at Nord-Fron kommune avklarar forholdet til grunneigarar/rettighetshavarar og eigare av beitedyr i området.

Med helsing

Trond Stensby
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Kopi til:

Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten	c/o Fylkesmannen i Oppland, boks 987	2604	LILLEHAMMER
Rondane nord villreinutvalg			
Rondane nord villreinutvalg			
Stor-Elvdal kommune	Postboks 85	2481	KOPPANG
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Ingebjørg Jenssveen			
Eirin Berge			
Sør-Fron kommune	Kommunevegen 1	2647	SØR-FRON
Statens naturoppsy Rondane			